



Denne kvartetten hadde ei triveleg stund på Cafe TI-aren tysdag føremiddag: Magnhild Haugland (mor), Ivar Gundersen (far), Maren (født 7. september) og Eva Iren Seim Myklebust (bak). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er stadig positive meldingar å bringa frå Cafe TI-aren i Gamleskulen. Vi har før meldt om den gledelege og aukande oppslutnaden denne hausten av mødre med babyar, som her verkeleg har funne ein triveleg treffstad på tysdag føremiddag.

Denne tysdagen var baby-talet oppe i 10, fortel vertskapet. Men kanskje enda gledelegare var det at fedre-talet auka med 100 prosent – frå ein til to!

Vertskapet gledde seg også over at talet på menn denne gongen var heilt oppe i fem! Og totalstatistikken synte at det var 27 vaksne inno.

- Vi er godt fornøgde, sa dei entusiastiske vertane sjølv om det har vore langt fleire besøkjande mange gonger denne hausten.

Vertane hadde også ei oppmoding til folk om å ta lodd på ein vakker juleduk – også det eit tiltak for å styrkja økonomien i kafe- og husdrifta. Det som blir seld kostar trass i alt ikkje meir enn ein tiar og det trengs tilskott frå andre kjelder.

Av Ola Matti Mathisen.